

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.02.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om å gje rett til vidaregåande opplæring for dei som har fullført vidaregåande opplæring i utlandet, men som ikkje får utdanninga godkjent som generell studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Norge. Desse søkjarane bør få rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 i opplæringslova (ungdomsrett) til og med det året dei fyller 24 år og rett til vidaregåande opplæring etter § 4A-3 i opplæringslova (vaksenrett) frå det året dei fyller 25 år.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at departementet undervurderer opplæringsbehov og ønskje om norsk vidaregåande opplæring for søkjarar med utanlandsk skulebakgrunn. Departementet sitt overslag over meirkostnader for fylkeskommunane er difor for lågt.
3. Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om å utvide fristen for uttak av rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 (ungdomsretten) til det året ein fyller 24 år.
4. Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om at elevar som gjer eit omval, får rett til å fullføre opplæringa.
5. Ved utviding av ungdomsretten til og med 24 år må det også vurderast om retten til tenester frå oppfølgingstenesta skal utvidast.
6. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at fylkeskommunane vert kompensert fullt ut for alle utgifter som følgjer av endringane.